



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/186538-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.10.2021

Uttale til offentlig ettersyn og høring – detaljreguleringsplan for Manger barneskule – Alver kommune – PlanID 12602019000300

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 10.09.2021. Brevet gjeld offentlig ettersyn og høring av detaljreguleringsplan for Manger barneskule. Høyringsfrist er sett til 25.10.2021.

Saka gjeld

Planområdet er på om lag 20 daa og omfattar eit område vest i Manger sentrum. Jfr. kommunen sitt saksframlegg (saksnr. 126/21) er føremålet med planarbeidet er å utvida eksisterande skulebygg på Manger barneskule, slik at skulen skal kunne romme ca. 200 elevar. Samstundes kjem det av same dokument fram at framtidig kapasitet ved Manger barneskule ikkje er endeleg avklart:

«Det kjem ikkje tydeleg nok fram i planforslaget kor mange elevar det vil vera plass til ved Manger barneskule ved ei eventuell ombygging og utviding. Politiske bestillinga frå tidlegare Radøy kommune var at skulen skulle romme omkring 200 elevar. I forstudie jamfør kapittel 2.1.1 har plankonsulent rekna på at i dag er det plass til 210 elevar ved full utnytting. Prognosen for framtidig elevtalsauke som kjem fram av kapittel 3 i nemnde studie, førespegl at i skuleåret 2033/2034 vil det gå 219 elevar ved skulen. Fram mot 2 gongs handsaming må det avklarast nærare med plankonsulent at planlagd ombygging og utviding av skulen er dekkande for å imøtekomme framtidige behov.»

Planforslaget syner utviding av offentlig byggjeføremål (tenesteyting) der tilgrensande offentlege friområde vert tilsvarande redusert. Vidare tar ein gjennom reguleringsplanen sikte på rydde opp i den trafikale situasjonen ved skulen.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er ført og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen utalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Uttale

Vegvesenet har i samband med høyringa gått gjennom plandokumenta. Etter ei totalvurdering er det oppfatning at ein gjennom denne reguleringsplanen søker å leggje til rette for ei skuleutviding på ei tomt med svært avgrensa potensiale og at dette i sterk grad har vore førande for valet av løysingar. Det framlagte planmateriellet er prega av ein del manglar som gjer at det ikkje er mogeleg å gjere ei tilstrekkeleg konkret vurdering av tekniske løysingar. At planen vert lagt ut på høyring utan at det er endeleg avklara kor mange elevar planlagd ombygging og utbygging skal leggje til rette for, gjer det også vanskelegare å vurdere planframlegget. Tal på elevar og tilsette kan ha konsekvens i høve til kor mykje trafikk utvidinga vil generere, om siktkrav i kryss Fv. 5846 er oppfylt, storleiken på uteareal og om dei planlagde løysingane er tilstrekkeleg dimensjonert.

I tabell 2 på side 37 i planskildringa har konsulent teke utgangspunkt i tal på tilsette det vil vera behov for etter utviding av skulen med eit elevtal på ca. 200 (40 tilsette). Statens vegvesen tek i si vurdering utgangspunkt i dette men peiker samstundes på at ytterlegare tal på elevar antakeleg vil utløyse behov for endå fleire tilsette.

Statens vegvesen har følgjande merknader til planframlegget:

Kryssområde Fv. 5846/Kommunal veg.

Konsulent skriv at handbok N100 er lagt til grunn ved vegutforming og val av løysingar i tilknytning til fylkesvegen. For trafikkareal langs Mangersnesvegen regulerer planen omtrent dagens situasjon for fylkesvegen, krysset mot skulen, gang- sykkelveg med rabatt på sørsida av Mangersvegen og avkøyring til Grønålvegen.

Det er ikkje levert tekniske teikningar som følgjer plankartet. Saka er såleis ikkje tilstrekkeleg opplyst til at det er mogeleg for oss å gjere ei heilskapleg trafikal vurdering. Tekniske teikningar skal følgje med eit planframlegg til offentleg ettersyn og skal vise at det ein planlegg er mogeleg å gjennomføre innanfor planen si juridiske plangrense, at det er nok manøvreringsareal, etc. Dette representerer ein vesentleg mangel ved planframlegget.

Reguleringsplanen synleggjer ikkje i tilstrekkeleg grad forventa trafikkmengd i sekundærveg som en konsekvens av at skulen vert utvida med fleire elevar. Det er ikkje levert trafikkanalyse slik Statens vegvesen rådde til ved oppstart av planarbeidet. For uregulerte T-kryss skal sikt vere i høve til Figur 4.11 og Tabell 4.3. Det er uklårt kva ein har basert berekninga av trafikkmengd på, og om siktkrava jfr. N100 er oppfylt.

I planskildringa er det peikt på at tilhøva er tronge og trafikkfarlege når det gjeld dei elevane som kjem gåande eller syklande frå sør, frå same retning som tilkomsten for bilar. Konsulent

viser til at Fortau o_SF legg til rette for separate areal for mjuke trafikantar langs avkøyringa frå Mangersnesvegen og inn til skuleporten. «Plankartet viser at det skal vera samanhengande fortau på vestsida av innkøyringa, med til dømes nedsenka kantstein ved innkøyring til private naboeigedomar»

Det kjem ikkje tilstrekkeleg fram om det skal gjerast noko med dette fortauet eller ikkje. Etter det Statens vegvesen kan sjå ut frå plankartet, er det eksisterande fortau som er regulert og vist som o_SF1. Planen inneheld ingen rekkefølgjekrav til opparbeiding. I kryssområdet er fortauet smalt og har låg standard. Spesielt er tilhøva dårlege på fortauet langs Fv 5486 der dette møter gangfeltet.



Figur 1 Bilde frå Googlemaps

Utvida trafikal løysing ved skulen

Parkeringsplassen ved skulen er utvida med dobbel rekke. Dette er ei utviding av eksisterande parkeringsplass frå 12 til 15 oppmerka plassar + ein handicap parkering. Konsulent viser til at «Parkeringsplassen er skilt frå tilkomstvegen og det er lagt opp til at parkering skal skje innanfor det avsette arealet». Vidare vert det vist til at arealet avsett til rundkøyringa (av-/på stigning) er utvida slik at det skal vera mogeleg å parkera/stoppa ytst og andre bilar kan køyra forbi på innsida. Rundkøyringa er ifølgje plankonsulent tilpassa sporing for personbil, maks snuradius er 5 m.

Då det ikkje er levert tekniske teikningar, skilt- og oppmerkingsplan eller anna som syner detaljar, er det ikkje mogleg for Statens vegvesen å vurdere om dette er ei løysing som vil kunne fungere i praksis og gjere tilhøva betre enn det dei er i dag. Ut frå det som er vist i plankartet er Statens vegvesen bekymra for at dei avsette areala er for små til at trafikkavviklinga vil kunne skje på ein trygg og smidig måte. Statens vegvesen er også kritisk til at ein i reguleringsplanen har vald å vidareføre ei løysing som opnar for at varelevering til barneskule kan skje gjennom rygging på skuleplass i skuletida. Dette vurderer vi som ei trafikkfarleg og dårleg løysing.

I planskildringa vert det vist til at parkeringskapasiteten ved skulen framleis vil vere ei utfordring og at parkeringsplassen derfor ikkje er tiltenkt tilsette; «For 40 tilsette og

minimum 0,6 parkeringsplassar per tilsett, skal ein leggja til rette for minimum 24 parkeringsplassar. Dette er det ikkje lagt til rette for innanfor reguleringsplanen. For å unngå å ta verdfull areal til utviding av skulebygg og naudsynt uteareal legg ein opp til at tilsette hovudsakleg skal parkera utanfor planområdet.» . Parkering ved rådhuset eller bak handelshuset vert trekt fram som mogeleg parkeringsplass for tilsette.

Reguleringsplanen kan ikkje styra den faktiske bruken av parkeringsplassane. Det vert vist til at parkeringsplassane difor må merkast og at dette må handhevast. Statens vegvesen minner om at dei regulerte areala som ligg langs kommunal veg som går inn til skulen også er offentlege. Dette er areal tilhøyrande Alver kommune for skuleområdet. Lovleg skilting krev offentleg skiltvedtak og det vil ikkje vere mogeleg å handheve kven som skal ha høve til å nytte ein offentleg parkeringsplass gjennom offentleg skilting.

Her må ein sjå på andre løysingar. Primært må reguleringsplanen leggje til rette for så mange parkeringsplassar som elevtal og krav til tilsette utløyser. Er ikkje dette mogeleg trekk dette i retning av at skuletomta ikkje er dimensjonert for den utvidinga ein ynskjer å leggje til rette for. Eit alternativ vil vere å leggje all parkering for både elevar (foreldre) og tilsette utanfor skuleområdet. Ein må i så tilfelle finne fram til eit eigna areal for dette.

Statens vegvesen er kjend med naboproblematikk knytt til parkering langs vegar i området og at dette har skapt trafikkfarlege situasjonar. Det må kunne forventast at denne typen problematikk vert vidareført dersom ein ikkje klarar å løyse parkeringsbehovet gjennom ny reguleringsplan.

Planføresegner

- Framlegget til reguleringsplan manglar gjennomgåande rekkefølgjekrav knytt til etablering av dei ulike tiltaka. Dette utgjer ein mangel ved planframlegget.
- Pkt. 2.3 i føresegnene set krav om plan som syner mellom anna utforming av parkeringsplassar, areal for av- og på stigning, tilrettelegging for mjuke trafikantar og dokumentasjon på at det er mogleg for brannvesenet å komma til angrepsvegen. Statens vegvesen peiker på at dette er sentrale tilhøve som må løysast på reguleringsplannivå, ikkje i etterkant av et planvedtak.
- Skulen har oppfordra til at elevar kan gå eller sykla til skulen. Føresegnene pkt. 3.2.3 set minimumskrav til parkering for sykkel (0,5 p-plass per elev og tilsett) og at sykkelparkering skal plasserast nær inngangane til bygningane og i størst mogleg grad vera under tak. Planføresegnene har ikkje med seg rekkefølgjekrav til opparbeiding av sykkelparkering.

Område o_SPP2 er jfr. føresegnene pkt. 4.62 parkeringsplass og snuplass for rørslehemma, rektor, drift samt for sykkelparkering. Ved 200 elevar og 40 tilsette vert det krav om 120 sykkelparkeringsplassar. Arealet o_SPP2 er for lite til å romme dette. I planskildringa vert det opplyst at reguleringsplanen ikkje viser eigne areal sett av til sykkelparkering og at dette inngår i utearealet til skulen i byggeføremålet

offentleg/privat tenesteyting. Statens vegvesen minner om at areal avsett til sykkelstativ og liknande ikkje er eigna for opphald og heller ikkje skal reknast med i uteoppfallsareal (MUA) jfr. Veileiar «Grad av utnytting» § 5.6. Slik vi vurderer det, må reguleringsplassen vise at ein har areal nok til etablering av naudsynt sykkelparkering.

Oppsummering

Framlegget til reguleringsplan synleggjer ikkje i tilstrekkeleg grad at dei planlagde løysingane er mogleg å gjennomføre og at det er nok tilgjengeleg areal ved dagens skule til at dei ulike arealkrava kan stettast. I den grad Alver kommune vel å gå vidare med planar om utviding av Manger barneskule må det arbeidast meir med planen. Mellom anna må det utarbeidast detaljerte planar som syner at trafikktryggleiken vert ivaretatt i kryssområdet og internt på området, at parkeringsbehovet er dekkja og at rundkøyringsløysing vil fungere. Reguleringsplanen må ha med seg naudsynte rekkefølgjekrav til opparbeiding av dei ulike tiltaka.

Statens vegvesen meiner saka er for lite gjennomarbeida/dårleg opplyst til at Alver kommune kan vedta reguleringsplanen slik den ligg føre no.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Postboks 8112 DEP, 0032 OSLO
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN